

ADMINISTRATIVT GRENSESNIITT

(Under arbeid 29.4.23))

Tillegg om ulike grensesnitt

Nettstaden på Vestlandet har tre **grensesnitt** som liknar på kvarandre, men om verkar på ulike måtar.

Søkjegransesnittet er tilgjengeleg for alle via heimesida «segner.no». **Listesøk** er hovudinngangen i dette grensesnittet. Det er denne søkjeinngangen me viser til i omtalen av dei to andre grensesnitta.

Det er dessutan to **redigeringsgrensesnitt** som er passordbundne og kan berre nyttast av brukarar med administrativt løyve:

2. Eit passordbunde redigeringsgrensesnitt «segner.no/admin» er **knytt til heile basen** og ser slik ut:

Aktørar	• ⊕ Handlingar (7) 
Lokalitetar	• ⊕ Hendingar (9) 
Tema	• ⊖ Opphavsforklaringsar (7) 
Stader	◦ ⊖ - opphavet til ferdigheit/tame//kunnskap (2) 
Media	▪ - læra song/felespel av fossegrim/ hulder/nøkk i 21 segn. 
Kjelder	▪ - lært magi av Fanden (Wittenberg- skulen) i 10 segn. 
Filer	◦ ⊕ - terrengforklaringar (8) i 5 segn. 
Artiklar	◦ ⊕ - forklaring på naturtilstand (2) 
	◦ ⊕ - gjenstandar/dyr: Kvar dei kjem frå (17) i 1 segn. 
	◦ ⊕ - noko vert til (3) 
	◦ ⊕ - opphav til varp (5) 
	◦ ⊕ - typar av namneforklaring (18) 
	• ⊕ Syn på segn (7) 
	• ⊕ Vandresegner ML-katalog (71) 

´ Dette grensenittet i minner jo om «listesøk» med søkjefelta Aktørar, Tema, Stader, Kjelder. Det er dei fire hovudfelta inn i sjølve databasen. (Dei tre andre felte Media, Filer, Artiklar er ikkje inngangar i sjølve databasen, men dreiar seg annan informasjon knytt til knappen «Informasjon» som me skal komma inn på seinare).







I det administrative grensesnittet ovanfor kan du omformulera ordlyden i søkjelenkjer. Med pluss-ikonet kan du opna hierarkiske underlenkjer (underfelt). Klikk på blyant-ikonet bak ei lenkje, og du får opp ei redigeringsramme rundt lenkja. Der kan du endra på formuleringa. Trykk så på lagringsikonet (= lagringsdiskett).

Som me skal syna seinare, kan me sletta ei lenkje lokalt i eit segnoppslag, men me kan framleis finna lenkja i andre segnoppslag. Dersom lenkja er tømnd i alle

segnoppslaga, finst ho framleis som «fantomlenkje utan noko tilvising til segnoppslag.

Denne fantomlenkja kan du fjerna.

Eit døme:

-  - ymse vêr (9) 
 - - motvind/kastevind  
 - - snøstorm/snøfonn i 15 segn. 
 - - storm/ruskevêr/motvind i 42 segn. 

Her er «motvind» flytta over til ei anna vêr-lenke, nemleg i lenka «- storm/ruskevêr/motvind». Dermed vert lenka «motvind»kastevind» ei tom fantomlenke som kan slettast med å trykkja på slette-ikonet.

3. Eit passordbunde redigeringsgrensesnitt knytt til kvart einskilt segnoppslag med alle delar i eit slikt oppslag. Det oppslaget du får opp, er heilt likt segnoppslaga i søkje-modus, bortsett frå at det heilt nede på oppslaga står «rediger» og «lagre». Trykk på rediger, og du får tilgang til eit redigeringsgrensesnitt. Der kan du redigera segnteksten, men også sletta og leggja til søkjelenkjer. Slett ved å trykkja på minus-gteiknet fram for lenkja, legg til ny lenkje ved å skriva inn ny lenkje ved å fylla ut «Legg til tema». (Denne innlegginga er lit krevjande, og vil bli omtalt seinare)

Her er eit utsnitt i eit slikt oppslag:

Tema:

- Handlingar-> MAGI-HANDLINGAR-> GUDSORD (mot vette)->- Fadervår
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE-> UGREITT HOPEHAV->- vette på vakt mot noko trugande->- gudsord
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE-> UGREITT HOPEHAV->- tilhøyrslø: stel/ranar/fangar->- vette: stel tresko
- Handlingar-> HOPEHAV: FOLK & VETTE->NÆRVÆRSMÅTAR:->- vette dukkar opp "dagar oppe"->- såg ei vakker jente
- Handlingar-> HOPEHAV: MELLOM FOLK->- ymse arbeid/yrke->-YMSE GARDSARBEID->- hausta->- forbør

Legg til tema:

Å leggja til eller sletta lenkjer i kvart einskild segnoppslag,

Skal ein gjera det, må ein vera logga inn med passord i administrativt grensesnitt., men redigerer det gjennom det allmenne grensesnittet «segner.no». Heilt nede i

segnoppslaga , dukkar det då opp to tilgangar: «Rediger» og «Lagre». Trykk på rediger-knappen og du får opp eit grensesnitt der du kan redigera segntekst gjennom ei redigeringslist over segnteksten. Du kan òg fjerna og leggja inn nye lenkjer. Trykk på minus-teiknet framfor lenkja og du fjernar lenkja.

Men du kan òg leggja til nye lenkjer i segnoppslaget. Det kan gjerast ved å kopla seg inn på **etablerte lenker med søkjeord**. Skriv td. inn «heks « i aktør-feltet, dukkar heile aktørlenka opp fordi ho allereie er etablert. Du kan finna nye relevante lenkjer ved å gå inn på «tilsvarande» segnoppslag.

Det er nok litt meir omstendleg å skapa nye lenkjer. Då lyt en heile tida kopla seg på lenkjer på hierakisk overordna nivå. (meir om dette seinare)

Redigering av lenker i segnoppslag (Gruppe 1)

Redigeringsmodus «Segner på nett - admin» gjev tilgang til å leggja til eller sletta lenker i kvart einskild segnoppslag.

I gruppe 1 er det eit redigeringsikon (blyant). Ved å klikka på «blyanten» kan ein omskriva eller sletta lenketekstane. Endrar ein på ei lenke, får ein opp eit arkiv-/lagringsikon. Eit klikk på det sikrar endringa. **Sletting av lenker i segnoppslag:**

Innlegging av lenker i segnoppslag:

Med passordtilgang kan ein leggja inn nye segner, bilete eller talesnuttar. Me inviterer fleire til å setja seg inn i dette!

PS. Databasen treng ein del reinsing både språkleg og tematisk. Dei tematiske lenkene er blitt til litt om senn. Derfor kan det i søkjelenkene i ein del segnoppslag vera manglar og feil. Det får ein bera over med inntil vidare.

